

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, fylkesdirektør økonomi og organisasjon, Ingrid Holm Svendsen, økonomisjef, Nils Vetlesand og fylkeskasserar, Tor Sjøvoll, presenterte årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2015 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner. Helge-Roald Johnsen og rekneskapsrevisor, Espen Hordvik, presenterte resultatet av den gjennomførte revisjon av årsrekneskapen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 i delar av Deloitte si orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 31.08.2015 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2015 nr. 15 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2015.